



Endre Valdersnes
Isdalstøbakken 24
5916 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3711 - 23/41299

Saksbehandlar:
Liv Berit Ones
liv.berit.ones@alver.kommune.no

Dato:
31.05.2023

Matrikkelbrev gbnr 137/838 Alver

Viser til oppmålingsforretning den 25.05.2023.

Forretninga gjaldt oppretting av ny matrikkeleining frå gbnr 137/765 der ny matrikkeleining gbnr 137/838 er oppretta i grunnboka.

Innmålte grenser er no ført i matrikkelen. Vedlagt følgjer matrikkelbrev for gbnr 137/838, kopi av protokoll for oppmålingsforretning og grunnboksutskrift for gbnr. 137/765 og gbnr. 137/838.

Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.kartverket.no for meir informasjon om matrikkelen.

De kan no skriva skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglysast.

Relevant utdrag av matrikkelbrevet er sendt til aktuelle partar i saka.

Eigedomen er å finna på www.seeiendom.karverket.no og www.nordhordlandskart.no

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56 37 58 80 eller epost liv.berit.ones@alver.kommune.no

Klage:

Denne avgjerdsla er eit enkeltvedtak som kan klagast over, [jf. matrikkelova §46](#).

Det kan klagast over heile saksgangen frå varsling til matrikkelføring. Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Liv Berit Ones
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

137-838_matrikkelbrev
Protokoll 137-765
Grunnboksutskrift 137-838
Grunnboksutskrift 137-765

Mottakarar:

Endre Valdersnes

Isdalstøbakken 24

5916

Isdalstø